

Rapport – nr. 87/2018

Randi Bergem, Silje L. Dahl, Grethe M. Olsen, Ellen S. Synnevåg

Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelse

Delrapport 2 frå evalueringa av satsinga Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse



Forfattarar	Randi Bergem, Silje L. Dahl, Grethe M. Olsen, Ellen S. Synnevåg
Utgjevar	Høgskulen i Volda
År	2018
Serie	Rapport
ISBN	978-82-7661-334-6 (digital utgåve)
ISSN	1891-5981
Sats	Forfattarar

Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelsa

Delrapport 2 frå evalueringa av satsinga Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjing berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Rapport / Høgskulen i Volda

Vitskaplege og andre faglege arbeid på høgare nivå enn notat. Både forfattar og institusjon er fagleg ansvarlege for publikasjonen. Arbeida kan vere rapportar frå prosjekt/oppdragsverksemd eller reint teoretiske arbeid av eit visst omfang. Rapportane må vere godt gjennomarbeidde med omsyn til innhald, struktur og språk og innehalde referansar. Rapportane skal vere godkjende av anten dekan eller prosjektleiar eller annan fagperson dei har utpeika og FoU-leiar ved HVO.

Forord

Rapporten er den andre undervegsrapporten frå evalueringa av satsinga til Helsedirektoratet *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse* (Nærmiljøprosjektet).

Delrapporteringa bygger på skriftleg dokumentasjon frå Helsedirektoratet, kommunane og fylka som er med i prosjektet, og frå utdanningsinstitusjonar som er kopla til prosjektet. I tillegg har vi deltatt på samlingar i prosjektet og samtalar med sentrale aktørar i kommunar og fylkeskommunar, og informasjon derifrå inngår også i evalueringa.

For å få eit samla inntrykk av evalueringa av Nærmiljøprosjektet, bør ein også lese den første delrapporten.¹

Neste rapport er sluttrapporten frå evalueringa, og kjem våren 2019.

Takk til alle som på ein eller annan måte har bidrege med tilfang til evalueringa!

Høgskulen i Volda, juli 2018
Randi Bergem
prosjektleder

¹ Referanse til første delrapport: Bergem, R., Amdam, R., Dahl, S.L., Olsen, G.M. & Synnevåg, E.S. (2018). *Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelse. Delrapport 1 frå evaluering av satsinga 'Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse'*. Notat – nr 2/2018, Høgskulen i Volda.

Innhald

Forord.....	3
Om Nærmiljøprosjektet	5
Om evalueringa	6
Nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling som folkehelsearbeid	6
Kommunal folkehelseoversikt.....	8
Om rapporten.....	9
Mål 1. Betre kvalitative oversikter som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder	10
Kopling mellom ulike datakjelder/informasjon.....	11
Kunnskapsgrunnlag for systematisk arbeid med folkehelse	12
Dokumentasjon og forankring.....	13
Mål 2. Nærmiljøkvalitetar - Kva bidreg til trivsel og livskvalitet?.....	13
Nærmiljøfaktorar som fremmar folkehelse – kva viser andre studiar?	15
Mål 3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar.....	16
Vurdering av medverknadsprosessar/tiltak – forslag til aktuelle spørsmål.....	16
Mål 4. Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt	17
Tiltak kan vere så mangt.....	17
Mål 5. Kompetansebygging i samarbeid med regionale utdanningsinstitusjonar	18
Oppsummering.....	20
Referansar	23
Vedlegg.....	25

Om Nærmiljøprosjektet

Helsedirektoratet har etablert ei tilskotsordning der hovudmålet er å medverke til gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse. Ordninga heiter *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse*. I denne rapporten vert satsinga omtalt som *Nærmiljøprosjektet*. Prosjektet tek mellom anna sikte å styrke den kommunale folkehelseoversikta (jf. folkehelselova § 5) med meir kvalitativ kunnskapen knytt til folkehelseutfordringar. Såleis er Nærmiljøprosjektet eit tiltak for meir kunnskapsbasert og systematisk arbeid for betre folkehelse.

Delmål med satsinga:

- Å betre dei kvalitative oversiktene over folkehelseutfordringar som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder
- Å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel
- Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar
- Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringane lokalt og regionalt
- Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar

Tilskott frå ordninga skal gå til:

- Kartlegging og utviklingsarbeid som gjeld nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse.
- Utvikling av døme, metodar og innretning om korleis kunnskap om folkehelsekvalitetar i nærmiljøet kan takast omsyn til i oversikts- og planarbeidet.

Fylkeskommunane kunne søke om midlar frå ordninga. Fylkeskommunane er prosjekteigar og samordnar prosjekta regionalt, dei har også ansvar for framdrifta og er økonomisk ansvarleg overfor Helsedirektoratet. For å få midlar har det vore eit krav at fylkeskommunane samarbeider med minst tre kommunar i fylket, og med universitet/høgskule i regionen. Fylkeskommunar og kommunar som får midlar, må stille med eigendel/eigne ressursar i prosjekta. Fylkeskommunar og kommunar får midlar frå ordninga i tre år, som er perioden 2015-2018.

Prosjekta i deltakande fylkeskommunar og kommunar skal dreie seg om å setje i gang/vidareutvikle arbeid som er retta mot nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse. Det er variasjon med tanke på korleis fylkeskommunar og kommunar gjer det, men deltaking, medverknad, mobilisering og planlegging er stikkord som har relevans for alle utviklingsprosjekta.

I alt er det åtte fylke og 41 kommunar som er med i nærmiljøprosjektet. Tabell 1 nedanfor viser kva fylke og kommunar det er.

Tabell 1: Fylkeskommunar og kommunar som er med i Nærmiljøprosjektet

Fylke (8)	Kommunar (41)	
Buskerud	Flesberg, Rollag, Nore og Uvdal	3
Finnmark	Båtsfjord, Hammerfest, Måsøy, Sør-Varanger og Tana	5
Hordaland	Askøy, Bømlo, Fjell og Stord	4
Møre og Romsdal	Giske, Sunndal, Volda, Ulstein, Ørsta og Ålesund	6
Nordland	Alstahaug, Bodø, Dønna, Hattfjelldal, Meløy, Narvik, Rana, Saltdal, Sømna, Vestvågøy og Øksnes (11)	11
Rogaland	Randaberg, Stavanger og Tysvær	3
Vestfold	Horten, Larvik, Sandefjord-Andebu-Stokke, Tjøme og Tønsberg	5
Østfold	Fredrikstad, Sarpsborg, Marker og Trøgstad	4

Om evalueringa

På oppdrag for Helsedirektoratet evaluerer Høgskulen i Volda Nærmiljøprosjektet. I evalueringa skal vi:

- Følgje med i prosjektet – samle informasjon, erfaringar, døme
- Omtale og kommentere erfaringar, døme og kunnskap frå prosjektet/ordninga
- Gi tilrådingar om korleis arbeidet på feltet kan bli betre og vidareutviklast, både lokalt, regionalt og nasjonalt
- Delta på samlingar og formidle frå evalueringa

Med den tilnærminga tilskottsordninga har, som eit utviklingsarbeid, er evalueringa lagt opp som ei følgjeevaluering. Vi er jamleg i dialog med Helsedirektoratet og fylkeskommunane (prosjekteigar), og i somme tilfelle også kommunane, med innspel og tilbakemeldingar basert på det som kjem fram i evalueringa. På den måten kan evalueringa bidra til framdrift og gi prosjektet ei retning som i størst mogleg grad er i tråd med målsetjingane.

Problemstillingar/spørsmål som ligg til grunn for å samle erfaringar frå utviklingsprosjekta i fylkeskommunar og kommunar:

- Kva ligg til grunn for val av tiltak/aktivitetar/prosjekt i fylkeskommunar og kommunar?
- Kven er målgruppene, og kvifor er desse målgruppene valde?
- Korleis arbeider kommunane med medverknadsprosessane? Kvifor arbeider dei slik?
- Kven er involverte i arbeidet, og kvifor?
- Kva er erfaringane med medverknadsprosessane?
- Korleis vert medverknadsprosessane kopla til kommunale plan- og avgjerdsprosessar?
- Korleis er samarbeidet med universitet/høgskular lagt opp?
- Kva er erfaringane med samarbeidet mellom kommunale prosjekt og høgskular/universitet?
- Korleis vert utviklingsarbeidet i kommunane kopla til utdanningane ved høgskular/universitet?
- Kva er erfaringane hos utdanningsinstitusjonane?

I løpet av evalueringa vil vi belyse alle desse spørsmåla, men somme spørsmål vil vere mindre sentrale i delrapportane og meir vektlagde i sluttrapporten.

Nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling som folkehelsearbeid


Nærmiljøet består av det fysiske miljøet og av sosiale og psykososiale forhold. Grøntområde, bustadområde, offentlege institusjonar og vegnettet er blant faktorar som utgjer det fysiske miljøet, medan sosiale møteplassar, oppleving av tryggleik og tillit og identitet knytt til staden, er sentrale faktorar når det gjeld det sosiale og psykososiale forhold. Folkehelsemeldinga (Helse- og omsorgsdepartementet, 2015) slår fast at nærmiljøet er ein viktig arena for folkehelsearbeidet, og at nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling er eit utviklingsområde i folkehelsepolitikken. Meldinga legg til grunn at god planlegging gir gode stader og lokalsamfunn.

I folkehelsemeldinga 'Mestring og muligheter' vert nærmiljøet og lokalsamfunnet si rolle i folkehelsearbeidet formidla slik: *'Hensynet til befolkningens helse skal få større plass i steds-, nærmiljø- og lokalsamfunnsutviklingen. Gode lokalsamfunn har stor betydning for livskvalitet og utvikling av sosiale nettverk som bidrar til trivsel, tilhørighet og god helse'* (Helse- og omsorgsdepartementet, 2015 s. 18).

Med folkehelsearbeid forstår vi samfunnet sin samla innsats for å halde oppe, betre og fremme folkehelse gjennom å svekke faktorar som medfører helserisiko og styrke faktorar som bidreg til betre helse. Det inneber at alle samfunnssektorar og forvaltningsnivå, både politisk og administrativt, har eit ansvar for å fremme folkehelsa. I eit slikt perspektiv vert folkehelsearbeidet og utvikling av

aktive og trygge lokalsamfunn to sider av same sak. Koplinga mellom planlegging og folkehelse er framheva i mange samanhengar, og ikkje minst i Folkehelselova (2011) og Plan- og bygningslova (2008).

Kommunane har eit generelt ansvar for lokalsamfunnsutvikling (kommunelova, 1992). Konkrete reglar om planlegging går fram av Plan- og bygningslova (2008), som gir kommunane mange oppgåver innanfor samfunns- og arealplanlegging. Samfunnsutvikling har også ein sentral plass i folkehelselova, i den forstand at føremålet med lova er at ho skal bidra til samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosial ulikskap i helse (folkehelselova, 2011, §1). Koplinga mellom dei to lovene og deira funksjon i folkehelsearbeidet er skissert i modellen som følgjer.



Figur 1 : Modell som viser koplinga mellom folkehelse og ulike plannivå

Plan- og bygningslova er sentral i folkehelsearbeidet, og omsynet til helse skal vere ein naturleg del av kommunal planlegging. Lova omhandlar mellom anna korleis kommunar og fylkeskommunar kan arbeide med folkehelse i kommunalt planarbeid. Det er særleg paragrafane 6 i folkehelselova og 10-1 i plan- og bygningslova som legg føringar på planlegging som verktøy i folkehelsearbeidet. I § 6 i folkehelselova går det fram at kommunen i arbeidet med kommuneplanar etter plan- og bygningslova kapittel 11 skal fastsetje overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møte dei utfordringane kommunen står overfor med utgangspunkt i helseoversikta (jf. § 5). Nettopp denne koplinga er sentral i prosjektet *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse*.

Noko av grunnlaget for god kommunal planlegging er å ha oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar. Helseoversiktene er eit viktig utgangspunkt for den kommunale planstrategien, og arbeidet med planstrategien er ei god arena for medverknad og brei (tverrfagleg og tverrsektoriell) drøfting av utfordringar og for arbeidet med planprogram i kommunane. Koplinga mellom folkehelse og kommunalt planarbeid er også eit verkemiddel for at folkehelsearbeidet kan få ei tydeligare politisk forankring.

Kommunane skal ha ein kommuneplan, med samfunnsdel, arealdel, kommunedelplanar, handlingsplanar og økonomiplan. Det bør vere eit mål at planbehov og utforming av

temaplanar/kommunedelplanar og økonomiplanen tek utgangspunkt i mål og strategiar slik dei går fram av samfunnsdelen av kommuneplanen.

Kommunal folkehelseoversikt

I følgje folkehelselova § 5 skal kommunane ha ei oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen. Oversikta skal vere basert på:

- Opplysningar som statlege helsemynde og fylkeskommunen gjer tilgjengelege (jf. §§ 20 og 25)
- Kunnskap frå dei kommunale helse- og omsorgstenestene jf. helse- og omsorgstjenestelova § 3-3
- Kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i nærmiljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på folkehelsa.

Nærmiljøprosjektet er forankra særleg i det tredje punktet, og prosjektet var sett i gang mellom anna fordi det har vist seg at dei kommunale folkehelseoversiktene i stor grad har vore baserte på statistikk og andre opplysningar som statlege mynde har gjort tilgjengelege, og i mindre grad på faktorar og utviklingstrekk i nærmiljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på folkehelsa. Ikkje minst har det vore ei utfordring at kunnskap som legg til grunn ei kvalitativ tilnærming har vore svært lite vektlagt i utarbeiding av folkehelseoversikter i kommunane.

Kommunal folkehelseoversikt er sentral i det systematiske folkehelsearbeidet, og skal vere eit viktig utgangspunkt for planarbeid og tiltak i kommunane. For at oversikta på best mogleg måte skal fange opp både utfordringar og faktorar som folk opplever som helsefremmande, må oversikta vere basert på opplysningar og data som er samla både gjennom kvantitative og kvalitative metodar. Elementa og logikken i det systematiske folkehelsearbeidet er skissert i figuren som følgjer.



Figur 2. Det systematiske folkehelsearbeidet

Nærmiljøprosjektet tek sikte på å bidra til å styrke det systematiske folkehelsearbeidet, og særleg med tanke på kvalitative tilnærmingar til å få oversikt over utfordringar og påverknadsfaktorar. Nærmiljøprosjektet er såleis eit tiltak for å skaffe kunnskap om faktorar og utviklingstrekk som er vanskelege å kartlegge gjennom bruk av statistikk og registerdata. Av rettleiaren til arbeidet med oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar (Hesledirektoratet, 2013) går det fram at føremålet med oversikta er at:

- Oversikta skal vere grunnlag både for daglege avgjerder med konsekvensar for folkehelsearbeidet, og for meir strategiske avgjerder, til dømes med tanke på å gå inn i område som viser seg å vere særleg utfordrande eller positive.
- Oversikta skal vere grunnlag for avgjerder knytte til langsiktig planlegging av folkehelsearbeidet.

Om rapporten

Dette er den andre delrapporten frå evalueringa.² Rapporten bygger på undervegsrapportar frå fylkeskommunar og kommunar våren 2018. I tillegg har vi studert prosjektnotat, evalueringsrapportar o.l. frå dei fylkeskommunane og kommunane som er med i prosjektet. Rapporten formidlar først og fremst hovudintrykk frå arbeidet i fylke og kommunar, og vil i liten grad omtale og vurdere enkeltkommunar og deira arbeid/tiltak. I denne delrapporten har vi også lagt vekt på å trekke inn nokre meir overordna faglege kommentarar knytte til tema i dei ulike måla i Nærmiljøprosjektet.

Deltakarfylka og kommunane samarbeider med regionale utdanningsinstitusjonar, som skal følgje med prosjektet, bidra med kompetansebygging og eventuelt bidra i evaluering av prosjekta i sine fylke og kommunar. Såleis ligg det føre fleire dokument, rapportar og notat frå Nærmiljøprosjektet enn dei som vi som nasjonal evaluator står bak.

Rapporten er organisert med utgangspunkt i delmåla for Nærmiljøprosjektet:

1. Å betre dei kvalitative oversiktene over folkehelseutfordringar som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder
2. Å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel
3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar
4. Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringane lokalt og regionalt
5. Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar

² Referanse til første delrapport: Bergem, R., Amdam, R., Dahl, S.L., Olsen, G.M. & Synnevåg, E.S. (2018). *Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelse. Delrapport 1 frå evaluering av satsinga 'Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse'*. Notat – nr 2/2018, Høgskulen i Volda.

Mål 1. Betre kvalitative oversikter som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder

Kunnskap om utfordringar er grunnleggande for å lage gode planar og drive godt utviklingsarbeid. Men kommunane må ha kunnskap som er eigna som grunnlag for kommunale planprosessar, og kommunane må kunne kople kunnskapen til planprosessar og avgjerder. Gjennom Nærmiljøprosjektet har kommunane arbeidd målretta med det. Evalueringa viser at Nærmiljøprosjektet har ført til betre kvalitativ kunnskap om faktorar i nærmiljø og lokalsamfunn som bidreg til trivsel og helse, og vi skriv meir om det i kapittelet om *Nærmiljøkvalitetar – Kva bidreg til trivsel og livskvalitet?*

Sidan førre delrapport ser vi ei positiv utvikling når det gjeld kommunane sitt arbeid med å knyte kunnskap frå medverknadsprosessar, kartleggingar o.a. til planstrategiar, kommunale planar og utviklingsarbeid. Nokre kommunar målrettar arbeidet med kunnskapsinnhenting til planar og planarbeid, andre kommunar skaffar data om utfordringar først, gjerne gjennom medverknadsprosessar, og finn relevante planar etter kvart. Vi trur at begge måtane å arbeide på kan vere brukbare. Uavhengig av tilnærming, er det viktig å tenke gjennom kva plannivå kunnskapen skal koplast til, til dømes om det er planstrategi, overordna kommuneplan og/eller kommunedelplanar.

Nedanfor er eit utval døme på planar og utviklingsarbeid som dei lokale prosjekta er kopla til.

- Kommuneplan – samfunnsdel og arealdel
- Kommunedel- og temaplanar, t.d.:
 - Oppvekst
 - Helse og rehabilitering
 - Levekår
 - Reguleringsplanar
 - Trafikksikring
 - Integreringsplan/inkludering/mangfald
 - Økonomiplan
 - Områdeplanar
- Budsjettprosessar
- Antimobbeprogram
- Inn i oversiktsdokumentet (folkehelse)
- Brukte som innspel i prosjekt som lokalsamfunn/grendelag sjølve tek ansvar for

Elles viser vi til vedlegg 1, som er ei oversikt over kommunane og dei lokale prosjekta som er ein del av Nærmiljøprosjektet, organisert etter tema og målgrupper. Der er det også fleire konkrete døme på planar som arbeidet er retta mot.

Fokuset på heilskapleg og sektorovergripande planlegging i tråd med determinantperspektivet (faktorar som påverkar helsa) går klart fram i Plan- og bygningslova: *'Planleggingen skal fremme helhet ved at sektorar, oppgaver og interesser i et område ses i sammenheng gjennom samordning og samarbeid om oppgaveløsning mellom sektormyndigheter og mellom statlige, regionale og kommunale organer, private organisasjoner og institusjoner, og allmennheten'* (Plan- og bygningsloven 2008, § 3-1 2. ledd). Kommunane blir utfordra på å samhandle på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, og å trekke innbyggerane inn i planlegginga. Gjennom samhandling kan samanhengen mellom ulike sektorinteresser bli tydlegare og gi meir treffsikre og heilskaplege/koordinerte løysingar. Det er desse positive verknadene planlegging kan medverke til (Aarsæther, 2012).

Denne måten å arbeide på stiller store krav til samfunnsplanleggarane sin kompetanse om å organisere kompliserte prosessar og skape dialog med mange partar. Fleire kommunar i Nærmiljøprosjektet har erfart at det er utfordringar med å knyte kunnskapen til planar, mellom anna fordi planane er gamle og utdaterte, eller fordi kommunen manglar plan- og prosesskompetanse.

Innsatsen i det lokale folkehelsearbeidet er retta mot sentrale helseutfordringar og mot faktorar som påverkar helsa. For at innsatsen skal gje best mogleg resultat på folkehelsa, trengst gode folkehelseanalysar, både nasjonalt og lokalt. Det nasjonale målet om å skape eit samfunn som fremmer helse i heile befolkninga (Helse- og omsorgsdepartementet, 2015), må vere eit mål på tvers av politikkområde, frå barnehagepolitikk til nærings- og arealpolitikk. Planleggingsprosessar er godt eigna for koordinering og samordning på tvers av politikkområde, slik at det blir lagt eit felles grunnlag for ei samfunnsutvikling som er helsefremjande.

Kjennskap til plansystem i kommunane, er ein svært viktig føresetnad for å kunne bruke kunnskap om helsefremjande nærmiljø som grunnlag for planar og avgjerder. I figur 3, som følgjer, er det gjort eit forsøk på å vise samanhengen mellom planstrategi og ulike kommunale planar. Vi trur at fleire av dei som er involverte i dei lokale delprosjekta må bli endå meir bevisste på korleis det kommunale plansystemet fungerer, og tenke gjennom korleis planleggingsprosessar kan brukast for å styrke folkehelsearbeidet i kommunen. Ikkje minst er det grunn til å nemne at planarbeid kan vere ein føremålstenleg arena for tverrfagleg, tverrsektoriell og politisk forankring. Kunnskap om politikk og politiske prosessar er også ein fordel når det gjeld å forankre arbeidet med helsefremjande nærmiljø i ein kommune.



Figur 3: Samanhengen i det kommunale plansystemet – eit døme (bileta er illustrasjon, ikkje frå ein og same kommunen)

Spørsmåla (jf. Figur 3) som er knytte til planstrategi og dei ulike kommunale planane kan kanskje vere nyttige med tanke på å konkretisere arbeidet med å kople kunnskap frå dei lokale nærmiljøprosjekta til planar og avgjerder i kommunen.

Kopling mellom ulike datakjelder/informasjon

Den kunnskapen som blir samla inn gjennom Nærmiljøprosjektet, og som først og fremst er kvalitative data, bør koplast til andre datakjelder og kunnskap. Folkehelseprofilane (Folkehelseinstituttet), statistikkbanken til KommuneHelsa, fylkeshelseundersøkingar, Ungdata og lokale helsedata er aktuelle i den samanhengen. Desse datakjeldene inneheld først og fremst nøkkeltal og statistikk, som viser hovudtrekk og trendar over tid. Dette er viktig informasjon, men det gir som regel ikkje eit tilstrekkeleg godt grunnlag for å planlegge, prioritere og setje i verk målretta tiltak i nærmiljø og lokalsamfunn. Til det trengst i tillegg meir kvalitativ kunnskap, som til dømes er

samla gjennom medverknadsprosessar. Gjennom denne typen data kan kommunane gå meir inn i kva som ligg til grunn for trendane, sjekke om nøkkeltala stemmer med folk sine erfaringar og synspunkt. Kommunane kan då få samla konkrete innspel til tiltak som folk meiner kan bidra til meir helsefremjande nærmiljø og lokalsamfunn.

Kommunane i Nærmiljøprosjektet har til ein viss grad gjort slikt koplingar mellom ulike kvantitative datakjelder og kvalitative data samla gjennom medverknadsprosessar i eigen kommune. Døme på datakjelder som er brukte i relativt mange kommunar er:

- Kommunal folkehelseoversikt
- Levekårsundersøkingar
- Ungdata
- Sjumilssteg
- Barnetråkk
- Folkehelseundersøkingar
- Forsking- og utviklingsarbeid

Somme kommunar har kopla kunnskapane frå dei ulike kjeldene direkte til dei planprosessane innsamlinga av kvalitative data er retta mot. Andre kommunar vil gjere koplingane når det skal utarbeidast ny kommunal folkehelseoversikt. Vi meiner det er ein fordel om tal frå folkehelseprofilar, Ungdata, statistikkbankar o.l. blir lagt til grunn for innsamling av kvalitative data, eller at det i alle fall skjer koplingar mellom desse kjeldene når det blir utarbeidd kunnskapsgrunnlag for kommunale planar og/eller andre kommunale avgjerdsprosessar. Erfaringane frå Nærmiljøprosjektet er at det i mange tilfelle er slik at statistikk og andre kvantitative data i liten grad ligg til grunn for å gå i gang med medverknadsprosessar e.l. For å få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag for kommunale planar og avgjerder, er det eit poeng at data og informasjon frå ulike kjelder blir sett i samanheng.

I avsnittet nedanfor har vi skrive litt om korleis det kan vere føremålstenleg å tenke når det gjeld kunnskapsgrunnlag for arbeidet med lokalt folkehelsearbeid.

Kunnskapsgrunnlag for systematisk arbeid med folkehelse

Kva kunnskap er, kan forståast på ulike måtar. Eit nyttig startpunkt kan vere å skilje mellom informasjon (eller 'data') og kunnskap. Ein kan ha mykje informasjon om ei sak, utan nødvendigvis å ha kunnskap om den. For at informasjonen skal verte kunnskap, må informasjonen tolkast og setjast inn i ein samanheng. Informasjonen må tolkast i den konteksten han er ein del av; korleis kan informasjonen forståast i lys av det ein veit om lokale forhold, forskning på det aktuelle feltet, praktisk erfaring m.m. Både informasjon og kunnskap er avhengige av samanhengen dei går inn i, og difor er det viktig å vere bevisst på kva rammer og føringar som formar tolkinga av informasjon og kva ein oppfattar som kunnskapen som bør ligge til grunn for planar og avgjerder lokalt.

I Nærmiljøprosjektet er eitt av siktemåla å få meir kunnskap om kva innbyggjarane meiner er viktige faktorar for at nærmiljø og lokalsamfunn skal vere gode og helsefremjande. Gjennom kommunehelseprofilar, Ungdata og andre kjelder med kvantitative data, har kommunane eit visst bilete av utfordringar og status når det gjeld helse og trivsel. Men dei kvantitative oversiktene gir lite informasjon om kvifor noko er opplevd som ei utfordring, eller kva faktorarar i nærmiljø og lokalsamfunn folk meiner er helsefremjande. For å få innsikt i det, er meir kvalitativt orienterte datainnsamlingsmetodar tenlege. Kvalitative datainnsamlingsmetodar har sin styrke i at dei gir eit

nedanfrå - eller innanfrå-perspektiv på fenomen, fordi dei kan få fram korleis enkeltpersonar og grupper tenkjer om og opplever nærmiljøet og lokalsamfunnet sitt.

Kvalitative data kan gje ei anna type innsikt enn det kvantitative oversikter kan gje. Dei kan utdjupe, forklare og supplere informasjon som er samla inn gjennom kvantitative metodar. I somme tilfelle kan kvalitative data vere eit grunnlag for å stille kritiske spørsmål ved den kvantitative informasjonen ein har. Dersom ein kommune har kvantitative data, som til dømes viser at stadig fleire eldre i kommunen er einsame, kan ein ved å snakke med eldre kunne få meir innsikt i korleis einsemd vert forstått, korleis einsemd kjennest og kva for følgjer det har for den enkelte. Kvalitative data kan såleis bidra til å gi ei fyldigare forståing av eit fenomen, og dermed vere eit betre grunnlag for kommunal planlegging og utvikling.

Kvalitative data kan også danne grunnlag for kvantitativ datainnhenting. Dersom kommunen, til dømes i eit folkemøte får informasjon om at ein del av bysentrum vert opplevd som utrygt, kan det gjennomførast ei kvantitativ spørjeundersøking for å finne ut kor mange og kva for grupper blant innbyggjarane som opplever det slik. For å utvikle gode lokalsamfunn og nærmiljø trengst både kvalitativ og kvantitativ informasjon om forhold som fremjar og hemmar trivsel og god livskvalitet.

Dokumentasjon og forankring

Kommunane i Nærmiljøprosjektet har arbeidd mykje med å dokumentere, informere og gjere kunnskapen frå prosjektet kjend og tilgjengeleg for ulike tenester i kommunen, for privat og frivillig sektor, og for innbyggjarane. Det er gjort mellom anna gjennom:

- Deltaking/informasjon på politiske møte og møte i kommunen elles
- Referatsaker til politiske utval
- Bruk av aviser, nettsider og sosiale media
- Invitere politikarar og folk frå kommuneadministrasjonen til medverknadsarenaer
- Kommuneleinga (ordførar/rådmann) er med i styringsgrupper og referansegrupper
- Få fram individuelle stemmer (ungdom, innvandrarar)

Prosjektleiingar og andre som er involverte i prosjektet lokalt erfarer at det er utfordrande å lukkast med å spreie kunnskapen i eigen organisasjon, og å finne ei god og forståeleg framstilling av kunnskapen frå prosjektet. Vi trur at tolmod er eit viktig stikkord i denne samanhengen. Å innsjå at utviklingsarbeid, endring i måtar å jobbe på og forankring tek tid, er truleg ein sentral føresetnad for å få gjennomslag for ideane som ligg til grunn for Nærmiljøprosjektet. Evalueringa viser at det i løpet av prosjektperioden er framsteg å spore. Vi vil særleg peike på at det er relativt mange kommunane som arbeider systematisk med å informere og involvere politikarar, til dømes ved at prosjektleiar eller andre frå prosjektet formidlar frå Nærmiljøprosjektet på politiske møte, og ved at politikarar er inviterte til å delta på arrangement i regi av Nærmiljøprosjektet.

Mål 2. Nærmiljøkvalitetar - Kva bidreg til trivsel og livskvalitet?

Nærmiljø omfattar både fysiske og sosiale forhold, samspelet mellom menneske og samspelet mellom menneske og dei fysiske omgivingane deira. Når det gjeld fysiske forhold tenker vi gjerne på parkar, grøntareal, leikeområde, forsamlingshus, fysisk tryggleik. Med tanke på sosiale forhold kan ein nemne aktivitet, offentlege tenestetilbod, frivillige lag og organisasjonar, tillit og trivsel. Nærmiljø og lokalsamfunn har stor betydning for livskvalitet, trivsel og helse. Folkehelsepolitikken skal

understreke at gode stader gir gode liv for alle. I kommunal planlegging og i lokalt og regionalt utviklingsarbeid må ein ta omsyn til samanhengen mellom staden/lokalsamfunnet, trivsel og helse (Helse og omsorgsdepartementet, 2013).

Eitt av måla med Nærmiljøprosjektet er å få meir kunnskap om og erfaring med kva som bidreg til trivsel og livskvalitet. Med andre ord handlar det om å kunne seie noko om kva faktorar som påverkar helse og trivsel. Nærmiljøkvalitetar/faktorar er forhold i nærmiljøet som fremmer eller hemmar at staden er ein god og trygg stad å vekse opp. I Nærmiljøprosjektet er det særleg lagt vekt på å finne dette ut ved å spørje, eller på andre måtar mobilisere innbyggerane for å få fram deira synspunkt. Det er viktig å få fram kva folk meiner er dei faktorane i nærmiljøet som påverkar trivsel, helse og livskvalitet, men for å kunne få best mogleg kunnskap til bruk i planar og avgjerder og for å utvikle mest mogleg treffsikre tiltak, må folk spørjast om kvifor dei nemnde faktorane bidreg til trivsel og kvalitet. Vi har difor prøvd å kategorisere ulike faktorar som har blitt trekte fram i dei lokale prosjekta, og har kopla på moment som seier noko om kvifor desse faktorane vert opplevd som viktige.

Tabell 2: Kategorisering av nærmiljøfaktorar som er viktige for trivsel, helse og livskvalitet

Kategoriar påverknadsfaktorar	Kvifor bidreg det til trivsel og livskvalitet?
Sosiale faktorar	
Møteplassar	Tilhøyrsløse, fellesskap, inkludering, eigenorganisering, relasjonsbygging
Kulturtilbod	Sosiale og estetiske opplevingar, inkludering, stimulerer kreativiteten, trivsel og tilhøyrsløse
Fysiske faktorar	
Friområde, grøntområde, parkar	Fysisk aktivitet, frisk luft, rekreasjon, sosial kontakt, trivsel
Gang- og sykkelveggar	Tryggleik, fysisk aktivitet, klimavenleg
Nærleik til tenester og funksjonar	Tilgjenge, tryggleik
Arealbruk, fysisk utforming, estetikk	Kontrollert utbygging, klima, utbygging som tek vare på kvalitetar ved staden.

I tabellen er det skilt mellom fysiske faktorar og sosiale faktorar, og det er gjort for å gi betre oversikt. Vi vil likevel presisere at dei fysiske og sosiale faktorane heng i hop, og at nærmiljøkvalitetar svært ofte er resultat av eit samspel mellom dei. Kolonnen til høgre inneheld stikkord som folk nemner når dei skal forklare kvifor dei ulike sosiale og fysiske faktorane bidreg til trivsel og livskvalitet.

Kva som er opplevd som sentrale påverknadsfaktorar kan sjølvstundt variere avhengig av kva grupper det er snakk om, men tabell 2 viser faktorar som i større eller mindre grad gjeld alle grupper (alder, kjønn, status m.m.), i alle fall slik det kjem fram i evalueringa av Nærmiljøprosjektet. Dersom vi, med utgangspunkt i dette prosjektet, skal oppsummere nærmiljøkvalitetar kort, kan det gjerast med stikkorda: tryggleik, trivsel og tilgjenge. Det er sjølvstundt viktig å presisere at dette er kategoriar, og at lokalt har kome fram fleire detaljar og konkrete synspunkt når det gjeld kva det er i nærmiljøet som er utfordringar og kva faktorar som kan bidra til trivsel.

Somme kommunar har valt å trekke inn stadsutvikling som ein måte å mobilisere fleire på i nærmiljøprosjektet, fordi det er eit omgrep som er meir kjent. Kan hende er det eit godt grep med tanke å gjere prosjektet meir attraktivt og relevant for aktørar som ein gjerne vil trekke inn (politikarar, utbyggjarar mfl.). Men det er viktig å halde fast på at Nærmiljøprosjektet har eit tydlegare velferdsfokus enn det ein som regel koplar til stadsutvikling. Den sosiale dimensjonen er svært sentral i den samanhengen, og då er individuelle behov, prinsipp for interaksjon mellom individ og samfunn (rettferd, likskap) og tilstanden (tilhøyrsløse, deltaking, tryggleik) i eit lokalsamfunn

sentralt. Sosiale støtte er sentralt i utvikling av helsefremmande og berekraftige lokalsamfunn (Hofstad & Bergsli, 2017).

Når det gjeld kva faktorar som bidreg til trivsel og livskvalitet er det i Nærmiljøprosjektet først og fremst lagt vekt på å få fram kva folk meiner om nærmiljøfaktorar jf. tabell 2. Men vi veit også at det er fleire faktorar på det vi kan kalle systemnivå i kommunen som har mykje å seie for folkehelsa. Det kan vere organisering, forankring og styringsstruktur. Til dømes: Korleis er det politiske engasjementet for lokalt folkehelsearbeid? Korleis er folkehelsearbeidet organisert i kommunen? Kva plan- og prosesskompetanse er det i kommunen? Kva kompetanse er det i kommunen når det gjeld deltaking og medverknad? Innsats på tvers av sektorar og nivå, gjennom myndiggjering av lokalsamfunn og medverknad frå innbyggjarane er også helsefremmande faktorar.

Nærmiljøfaktorar som fremmar folkehelse – kva viser andre studiar?

Nærmiljøprosjektet viser at forhold som folk meiner er viktige for trivsel og livskvalitet, kan kategoriserast i fysiske og sosiale faktorar (jf. tabell 2). Vi ser også at desse heng saman, ikkje minst med tanke på korleis fysiske forhold kan påverke sosiale relasjonar. Det kan vere interessant å sjå på kva andre studiar viser når det gjeld nærmiljøfaktorar som fremmer folkehelsa, og i avsnittet som følgjer formidlar vi funn frå nokre studiar.

Tilgang til natur, lag og organisasjonar og sosiale møteplassar er viktig for folkehelsa, medan mangel på sosiale møteplassar er det som tydelegast hemmar folkehelsa (Kiland, Hallås, Børrestrand, Beinert & Øverby, 2015). Det er ein klar samanheng mellom utforming av nærmiljøet og trivsel hos folk som er ein del av det nærmiljøet (Elliot, Gale, Parsons & Kuh, 2014). Ein studie gjennomført av Hekler mfl. (2012) viser at tilgang til gode gangveggar og enkel tilgang til nærmiljøtenester gir auka rekreasjonsgåing. At tenester og sørvistilbod er tilgjengelege i nærmiljøet, gjer at folk tek beina fatt for å nå desse tenestene (Sugiyama mfl., 2012). Auka tilgang til grøntområde og parkar har samanheng med større grad av utandørs fysisk aktivitet, og det er ein klar samanheng mellom utforming av nærmiljøet og fysisk aktivitet, særleg ulike former for gåing (Boone-Heinonen, Casanova, Richardson og Gordon-Larsen, 2010). I kva grad parkar og grøntområde vert brukte, er avhengig av at områda ligg nær der folk bur, at vedlikehaldet er bra og at folk kjenner seg trygge der (McCormack, Rock, Toohey & Hignell, 2010).

Leyden (2003) konkluderer sin studie med at personar, som bur i nærmiljø tilrettelagde for å kunne bevege seg til fots, har større grad av sosial kapital enn personar som bur i område som er tilpassa bilbruk. Mellom anna var det meir sannsynleg at dei som bur i nærmiljø tilrettelagde for å vere fotgjengar, kjende naboane, hadde høg tillit til kvarandre og var sosialt engasjerte (Leyden, 2003). Yoo og Lee (2016) har studert samanhengen mellom miljøbyggande nabolag, sosial kapital og sosial berekraft. Studien deira viser at det er ein positiv samanheng mellom fysisk utforming i nabolag/nærmiljø og sosial kapital. Dei konkluderer med at arealplanlegging, mellom anna av uteområde i nærmiljø, kan spele ei viktig rolle med tanke på å skape tillit og gode sosiale relasjonar mellom dei som bur og oppheld seg i desse nærmiljøa. Studiane til Leyden (2003) og Yoo & Lee (2014) viser altså at det er ein nær samanheng mellom fysiske og sosiale faktorar.

Mål 3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar

Eit viktig mål med Nærmiljøprosjektet er å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar. Det er eit mål i seg sjølv å gjere erfaringar med ulike medverknadsmåtar, på same tid som det er ein måte å skaffe kvalitativt datamateriale på som kan supplere det kvantitative. Medverknadsprosessane og resultatane av dei skal bidra til å betre kunnskapsgrunnlaget for kommunale planar og avgjerder. Vår vurdering er at det er arbeidd svært godt med medverknadsprosessane, og at mange ulike metodar/verktøy er prøvde ut. I første del av prosjektet låg dette målet til grunn for mesteparten av arbeidet i dei lokale prosjekta (Bergem mfl., 2018).

Det er for det meste 'ferdigutvikla' metodar/verktøy/opplegg som er prøvde ut, medan det er færre døme på medverknadsmåtar som er utvikla som del av Nærmiljøprosjektet. Vedlegg 2 er ei oversikt over medverknadsverktøy og arbeidsmåtar i Nærmiljøprosjektet.

I ein del tilfelle vert det hyra inn konsulentar til å gjennomføre prosessane. Det kan vere grunn til å vurdere kor føremålstenleg det er med tanke på forankring og forståing i eigen organisasjon. Men det er sjølv sagt eit poeng at det tilfører nye impulsar og inspirasjon, og at det kan vere eit 'trekkplaster', som mobiliserer til deltaking. Det er også eit poeng at bruk av 'ekspertar' kan gi læring hos tilsette i kommunen. Om det beste er at kommunen bruker egne folk til å gjennomføre medverknadsprosessane eller det beste er å hyre inn folk/ekspertar utanfrå, har vi ikkje grunnlag frå denne evalueringa til å seie noko klart om. Men det vi kan seie er at det er viktig å tenke gjennom kvifor ein vel det eine eller det andre alternativet. Vi kan likevel slå fast at med det trykket som er på deltaking og medverknad er det eit poeng at kommunen sjølv har, eller utviklar, kompetanse på å setje i gang og gjennomføre medverknadsprosessar/tiltak.

Erfaringane frå medverknadsprosessar i Nærmiljøprosjektet viser at prosessane må tilpassast målgruppa og at det er ein fordel om det er retta mot ein plan, ei avgjerd, eit utviklingsprosjekt e.l. i kommunen. Men det kan også vere slik at ei kartlegging av utfordringar og påverknadsfaktorar kan gi kunnskap om kva planar det er nødvendig at kommunen set i gang å arbeide med.

For mange delprosjekt har siktemålet med medverknadsprosessane vore å skaffe kvalitativ kunnskap som kan inngå i oversikter som kan ligge til grunn for planar og avgjerder i kommunen. Men deltaking og medverknad har også vore eit mål i seg sjølv, fordi prosjektet har eit mål om å gjere erfaringar med ulike medverknadsmåtar. Vårt inntrykk er at det kunne vore endå meir vekt på å reflektere over kvifor den valde måten vart valt, og kvifor den eignar seg for å skaffe kunnskap om utfordringar og påverknadsfaktorar. Det er ein del døme på at medverknad blir brukt for medverknaden sin eigen del. Til ein viss grad er det greitt, men det må ikkje bli berre det.

Vurdering av medverknadsprosessar/tiltak – forslag til aktuelle spørsmål

Både før ein set i gang medverknadsprosessar/tiltak og etter at ein har gjennomført dei, er det føremålstenleg å gjere ei vurdering. Nokre aktuelle spørsmål i den samanhengen kan vere:

1. Kva veit vi om temaet/området/utfordringane frå før?
2. Kva vil vi finne ut meir om/utforske, og kvifor?
3. Kva plan og/eller anna kommunal avgjerd er medverknadsprosessen retta mot?
4. Kven er målgruppa, og kven bør medverke? Kvifor må desse vere med?

5. Kva medverknadsmåte er beste eigna for målgruppa og for kva vi vil vite noko om?
6. Kvifor gjennomførte vi den medverknadsprosessen/dei prosessane?
7. Kva spørsmål har vi fått svar på?
8. Kva har vi fått av kvalitativ kunnskap som kan inngå i helseoversiktene? Kva er utfordringane?
9. Kva veit vi no om kva som bidreg til trivsel/livskvalitet - med utgangspunkt i informasjon/data vi har samla inn?
10. Kva har vi ikkje fått svar på, men som vi kanskje trudde vi skulle få svar på?
11. Korleis held vi deltakarane orienterte om det som skjer med bidraga deira?

For fleire vurderingar når det gjeld målet om å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar, viser vi til den første delrapporten (Bergem mfl., 2018).

Mål 4. Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt

Eit av måla i Nærmiljøprosjektet er at det skal legges grunnlag for å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i lokale og regionale utfordringar, men midlar frå ordninga skal ikkje gå til å finansiere sjølve gjennomføringa av tiltak og aktivitetar. Dei lokale og regionale utfordringane, som skal ligge til grunn for utvikling av tiltak, er mellom anna kartlagde gjennom medverknadsprosessane.

Kommunale planar, avgjerder og utviklingsarbeid har som siktemål å vere svar på utfordringar. Tiltak kjem gjerne som resultat av mål, som er forankra i kommunale planar. Det er mange døme på konkrete tiltak som er gjennomførte (jf. rapportar frå kommunane), og mange som er i kjømda. Elles har fleire av kommunane sett i gang eit arbeid med å skaffe midlar til å setje i gang tiltak og aktivitet. Somme av tiltaka er gjennomført utan at det er forankra i planar, mellom anna fordi det ikkje har vore nødvendig med planforankring, og fordi kommunen eller andre hadde finansiering til å setje i gang arbeidet.

Medverknadsprosessar, der alle innbyggerane eller grupper av innbyggjarar har vore med, skaper forventningar om at noko skal kome ut av prosessane dei er med i. I nokre tilfelle kan det følgjast opp med tiltak på kort sikt, i andre tilfelle må det ligge til grunn ein plan før det kan følgjast opp med tiltak, og tiltaka kan eventuelt bli realiserte på litt lengre sikte. I dei tilfella der det er nødvendig med planforankring, er det særleg viktig at dei som har medverka i prosessane er orienterte om korleis det som kjem fram i prosessane vert følgt opp, eventuelt ikkje vert følgt opp.

Tiltak kan vere så mangt

I evalueringa blir det formidla synspunkt på at det på ein del av samlingane i Nærmiljøprosjektet har vore formidle relativt mange døme som gjeld fysiske tiltak, til dømes bygging av leikeplassar, bruk av uterom m.m., og noko mindre på å formidle andre typar tiltak og aktivitetar, som nettverksbygging, kompetansebygging, utvikling av plan- og prosesskompetanse, lærdom knytt til det å drive medverknadsprosessar, det vil seie tiltak meir på systemnivå. Årsaker til dette kan vere at det er 'enklare' å formidle konkret frå den typen tiltak, og fordi planlegging tradisjonelt har handla om fysisk planlegging.

Tiltak kan vere så mangt, og 'tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt' kan også dreie seg om tiltak for å koordinere og samordne innsats, utvikle rutinar/retningslinjer for medverknad i kommunalt plan- og utviklingsarbeid, kvalitetsheving og utviklingsarbeid internt i kommunen.

Evalueringa viser at det er nokre kommunar som har konkludert med at viktige tiltak for å møte utfordringane i kommunen, nettopp er tiltak på systemnivå internt i kommunen. Ein kommune har til dømes kome til at det bør gjennomførast ei undersøking blant tilsette i kommunen om kva dei tenker og meiner om medverknad i planarbeid, og ein annan at det må gjerast meir for å samordne innsats mellom tenester i kommunen.

Mål 5. Kompetansebygging i samarbeid med regionale utdanningsinstitusjonar

Samarbeid mellom fylkeskommunar og kommunar og regionale utdanningsinstitusjonar er ei sentral side ved Nærmiljøprosjektet. Utdanningsinstitusjonane kan bidra med fagleg hjelp og støtte knytt til ulike tema, utforming av prosjekt, prosesskompetanse og evaluering. Utdanningsinstitusjonar har kunnskap om prosjektdesign, finansiering, metode og medverknad. Reine forskingsinstitutt har også slik kompetanse, men utdanningsinstitusjonar har i tillegg ansvar for utdanningar, som i mange tilfelle utdannar for yrke og sektorar som bør ha kjennskap til måtar å jobbe på som er sentrale i Nærmiljøprosjektet. Såleis er det eit godt grep at det er utdanningsinstitusjonar som er samarbeidspartar.

For utdanningsinstitusjonane er denne typen samarbeid svært relevant for samfunnsoppdraget som utdanningsinstitusjonane har. Dei aller fleste fagmiljø vil sjå på samarbeid med praksisfeltet som interessant og nyttig på grunn av dei erfaringane og den innsikta det gir fagfolka. Slikt samarbeid kan vere godt utgangspunkt for FoU-arbeid, og det kan bidra til å heve kvaliteten utdanningane, mellom anna ved at studentar som på ulike måtar kan involverast i prosjekta.

Hovudintrykket frå evalueringa er at fylka har godt utbyte av samarbeidet, og at det er eit godt grep i prosjektet. Første delrapport frå evalueringar viste at det var stor variasjon mellom ulike fylke med tanke på kva rolle utdanningsinstitusjonane hadde i prosjektet, og slik er det framleis. Nokre evaluerer, medan andre er meir i dialog med fylke og kommunar om ulike sider ved delprosjekt, som kan vere kompetansebyggande tiltak knytt til metodiske grep, faglege innspel m.m. Somme utdanningsinstitusjonar er også tett på medverknadsprosessane, til dømes ved å vere prosessleiarar. Vår vurdering at det ikkje er grunn til å styre ovanfrå kva som skal ligge i samarbeidet, fordi dei regionale og lokale behova kan vere svært ulike. Det er likevel viktig å avklare kva samarbeidet skal handle om før ein går i gang, og i somme fylke vart det brukt litt lite tid på slik avklaring. Alle fylkeskommunane i prosjektet har altså avtale med ein utdanningsinstitusjon, men somme har også brukt andre kompetansemiljø for å få dekt behov avtaleparten ikkje kan stille.

Vi ser ei utvikling i retning av at fleire, både fylkeskommunar, kommunar og utdanningsinstitusjonar er meir bevisste på kva som kan ligge i eit slikt samarbeid. For utdanningsinstitusjonane sin del gjeld det mellom anna å sjå verdien av å knyte studentar til slikt utviklingsarbeid. I fire fylke er studentar direkte eller indirekte involverte i prosjektet, der dei bidreg med kartleggingar, skriv studentarbeid, som til dømes arbeidskrav, bacheloroppgåver, masteroppgåver og doktorgradsarbeid.

Etter kvart som fylke og kommunar får meir erfaring med samarbeidet, og det vert tydlegare kva slikt samarbeid kan bidra med, så har nokre fylke brukt egne midlar til å styrke utdanningsinstitusjonane si rolle som dialogpart for kommunane.

For at samarbeidet skal bli best mogleg, er det nokre forhold det kan vere grunn til å tenke gjennom, før kommunar/fylkeskommunar avgjer kva utdanningsmiljø som er aktuelle å samarbeide med:

- Det kan vere praktisk å samarbeide med fagmiljø/personar som ein kan møte fysisk, men dette bør ikkje vere eit absolutt krav.
- Tenk gjennom kva rolle utdanningsmiljøet kan ha. Utvalskriterium kan vere: Fagkunnskap som er sentral i prosjekt (helse, nærmiljø, medverknad, metode m.m.). Prosesskompetanse. Evalueringskompetanse. I vurderinga er det viktig å hugse på at nærmiljø og folkehelse er eit tema som spenner vidt, og at ein kanskje kan ha stor nytte av fagmiljø som ikkje umiddelbart verkar relevante. Vurderingane av kva som er relevante fagmiljø, må sjølvstøtt gjerast med grunnlag i profilen i prosjekta og kva behov fylkeskommunar og kommunar har.
- Utdanningsmiljøa kan gi fagleg støtte, vere kreative diskusjonspartnarar og kan i tillegg vere viktige i samband med å bygge nettverk med andre fagmiljø. I mange tilfelle kan det vere føremålstenleg å trekke inn ulike samarbeidspartnarar i ulike fasar av prosjektet.
- Studentar kan bidra i datainnsamlingar/kartleggingar i delprosjekt, og dei kan sjølv skrive studentarbeid med utgangspunkt i prosjektet (arbeidskrav, bacheloroppgåver, masteroppgåver, doktoravhandlingar) og dei får innsikt i nærmiljø og folkehelse som er svært nyttig kunnskap å ha når dei kjem i jobb.
- Det er viktig at fagmiljøa er interesserte i samarbeid, og at dei er merksame på at samarbeidet er eit godt grunnlag for studiekvalitetsarbeid, utvikling av studietilbod osv.
- For at samarbeidet skal bli beste mogleg for alle partar, er det tenleg å bruke tid på å utforme ein god avtale, som klargjer roller i og forventningar til samarbeidet.

Oppsummering

Nedanfor oppsummerer vi status punktvis med utgangspunkt i hovudmåla:

1. Å betre kvalitative oversikter som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder

- Noko av utgangspunktet for Nærmiljøprosjektet var å styrke dei kommunale folkehelseoversiktene med kvalitativ kunnskap, og difor er eitt av måla å betre kvalitative oversikter som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder. Gjennom medverknadsprosessar er det samla svært mykje kvalitativ kunnskap som kan ligge til grunn for planar og avgjerder. Så langt har det vore utfordrande for mange kommunar å systematisere og prioritere, og å forankre kunnskapen i ulike tenester og hos aktørar utanfor kommunen. Gjennom systematisk arbeid i dei lokale prosjekta, gjennom samarbeid med universitet og høgskular og gjennom omfattande formidlingsarbeid og erfaringsdeling i fylka, ser vi likevel ei positiv utvikling når det gjeld å bruke kunnskapen på ein føremålstenleg måte.
- Vårt inntrykk er at dei kommunale folkehelseoversiktene i relativt liten grad har vore vektlagt når det gjeld mange av prosjekta. Helseoversikta kunne i større grad ligge til grunn for å samle kvalitative data som kan supplere kvantitative data, eller for å kvalitetssikre eller sjekke ut tilstanden slik han kjem fram i folkehelseoversiktene, som så langt i stor grad har vore basert på statistikk og registerdata. For å få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag for kommunale planar og avgjerder, er det eit poeng at data og informasjon frå ulike kjelder blir sett i samanheng.

2. Faktorar i nærmiljø og lokalsamfunn som bidreg til trivsel og livskvalitet

- Evalueringa viser at faktorane som påverkar trivsel og livskvalitet er mange, varierer mellom ulike grupper, og er avhengig av lokal kontekst (jf. tabell 2). Både sosiale og fysiske faktorar vert framheva som sentrale, og hovudkategoriane er følgjande:
 - Møteplassar
 - Kulturtilbod
 - Friområde, grøntområde, parkar
 - Gang- og sykkelveggar
 - Nærleik til tenester og funksjonar
 - Arealbruk, fysisk utforming og estetikk

Blant dei lokale prosjekta er det stor variasjon når det gjeld korleis kommunane arbeider i Nærmiljøprosjektet, og det er stor breidde både når det gjeld sosiale og fysiske påverknadsfaktorar (jf. vedlegg 1).

3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar ³

- Det er prøvd ut ei rekke medverknadsmåtar, som for det meste er verktøy og opplegg som andre har utvikla, og det er i liten grad utvikla egne medverknadsmåtar.
- Vår vurdering er at det er arbeid svært godt med medverknadsprosessane, og at mange ulike metodar/verktøy er prøvde ut. Det er viktig å samle og dokumentere erfaringane frå desse prosessane.
- Vi har ikkje grunnlag for å seie om det beste er at kommunen bruker egne folk til å gjennomføre medverknadsprosessane, eller om det beste er å hyre inn folk/ekspertar utanfrå. Men det vi kan seie er at det er viktig å tenke gjennom kvifor ein vel det eine eller det andre alternativet. Vi ser at med det trykket som er i kommunane når det gjeld deltaking og medverknad, så er det eit

³ Målet om å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar er omhandla grundigare i den første delrapporten, jf. Bergem mfl., 2018.

poeng at kommunen sjølv har, eller utviklar, kompetanse på å gjennomføre medverknadsprosessar.

4. Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt

- Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt har til ein viss grad blitt oppfatta som fysiske tiltak (leikeplassar, møteplassar, uterom, anlegg, bruk av bygningar osv.). Føremålet med slike tiltak er mellom anna at det skal medverke til meir fysisk aktivitet, til gode opplevingar og gi fleire sosiale møtepunkt. Andre typar tiltak er også godt representerte i Nærmiljøprosjektet, og det er tiltak for å koordinere og samordne innsats, utvikle rutinar/retningslinjer for medverknad i kommunalt plan- og utviklingsarbeid, kvalitetsheving og utviklingsarbeid internt i kommunen. Sjå også vedlegg 1.
- Medverknad og deltaking er sentralt i Nærmiljøprosjektet, og det skaper forventningar. Dei som har medverka i prosessane må bli orienterte om korleis det som kjem fram i prosessane vert følgt opp i form av tiltak eller på andre måtar, eventuelt blir orienterte om kvifor innspel/prosessane ikkje vert følgde opp.
- Nærmiljøprosjektet er framleis i gang, og ein del kommunar har - så langt i prosjektet - lagt vekt på medverknadsprosessar for å skaffe kvalitative data og å kople denne kunnskapen til planprosessar og utviklingsarbeid. I neste omgang skal dette vere utgangspunkt for utvikling av tiltak. For desse kommunane vil målet om å utvikle tiltak truleg bli meir sentralt i prosjektet.

5. Kompetansebygging i samarbeid med regionale utdanningsinstitusjonar

- Å involvere utdanningsinstitusjonar i slikt utviklingsarbeid som Nærmiljøprosjektet er, er eit godt grep. Samarbeidet mellom fylkeskommunar, kommunar og utdanningsinstitusjonane er nyttig for alle partane. Det bidreg til kompetanseheving, metodekunnskap, kvalitetssikring, nye idear, og ikkje minst kan det bidra til praksisrelevante utdanningar, mellom anna ved at studentar blir involverte gjennom studentoppgåver på ulike nivå.
- Ein viktig lærdom frå prosjektet er at det er ein fordel å bruke tid på å utforme ein god avtale, som klargjer roller i og forventningar til samarbeidet.

Som rapporten viser, er det god framdrift i Nærmiljøprosjektet. Dei fem måla skal ligge til grunn for heile prosjektperioden, men dei har ulik aktualitet i ulike fasar av prosjektet. Til dømes var målet om å prøve ut og utvikle medverknadsmåtar meir aktuelt tidleg i prosjektet enn målet om utvikle tiltak. Ikkje minst fordi det som kjem fram i medverknadsprosessane i mange tilfelle skal ligge til grunn for planar og tiltak. Avslutningsvis vil vi trekke fram det vi meiner er **særleg viktig å legge vekt på i tida som er igjen av prosjektperioden:**

Mål 1. Kommunane har arbeidd mykje med å skaffe kvalitative data, men det ser ut til å vere behov for å sjå kvalitative og kvantitative data meir i samanheng, slik at dei kommunale folkehelseoversiktene blir eit endå betre grunnlag for kommunale planar og utviklingsarbeid. Somme kommunar treng å jobbe meir systematisk retta mot kommunale planprosessar og utviklingsarbeid. Då vil sjansen auke for at kommunale planar blir svar på utfordringar, slik dei kjem til uttrykk i kunnskapsgrunnlaget, m.a. i folkehelseoversiktene.

Mål 2. I dei lokale prosjekta er det lagt mykje vekt på å finne ut kva faktorar det er i nærmiljø og lokalsamfunn folk meiner bidreg til trivsel og livskvalitet. Dette er gjort ved å mobilisere folk (alle innbyggjarane eller utvalde målgrupper) gjennom medverknadsprosessar. Nærmiljøprosjektet har bidrege til at det er skaffa mykje data om det (jf. tabell 2). Det kunne vore interessant om kommunane kunne prøve å finne ut endå meir om kvifor folk meiner desse faktorane er viktige for trivsel og livskvalitet.

Mål 3. Når det gjeld medverknad bør kommunane tenke bevisst gjennom korleis erfaringane frå Nærmiljøprosjektet kan legge grunnlag for at medverknad vert ein naturleg arbeidsmåte i kommunal planlegging. Vi trur også det kan vere føremålstenleg at kommunane i større grad brukar medverknadsmåtar/verktøy som tek utgangspunkt i lokal kontekst, til dømes når deg gjeld kompetanse, ressursar, utfordringar og aktuelle målgrupper.

Mål 4. I utvikling av tiltak må det gjerast ei vurdering av om tiltaket er det best moglege svaret på utfordringane som er kartlagde. Vurderinga av aktuelle tiltak må også ta opp spørsmålet om kven som skal stå bak tiltaket; kanskje er det ikkje kommunen, men ein frivillig eller privat aktørar. Tiltak kan også vere på systemnivå, til dømes tiltak for å betre koordineringa mellom etatar for å få gode og heilskaplege kommunale folkehelseoversikter, eller tiltak for å auke kompetansen om medverknad.

Mål 5. Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar er eit godt grep i Nærmiljøprosjektet. I perioden som er att av prosjektet er det kanskje særleg viktig å tenke gjennom korleis kommunar og høgskular/universitet i lag kan samle erfaringane frå Nærmiljøprosjektet slik at dei kan vere til nytte for kommunar og utdanningsmiljøa. Det kan gjelde både det som har skjedd i Nærmiljøprosjektet spesifikt, og samarbeid om kompetansebygging meir prinsipielt/generelt.

Referansar

- Bergem, R., Amdam, R., Dahl, S.L., Olsen, G.M. & Synnevåg, E.S. (2018). *Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelse. Delrapport 1 frå evaluering av satsinga 'Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse'*. Notat – nr 2/2018, Høgskulen i Volda.
- Boone-Heionen, J., Casanova, K., Richardson, A.S. & Gordon-Larsen, P. (2010). Where can they play? Outdoor spaces and physical activity among adolescent in U.S. urbanized areas. *Preventive Medicine*, 51(3-4), 295-298. doi: [10.1016/j.ypmed.2010.07.013](https://doi.org/10.1016/j.ypmed.2010.07.013)
- Elliott, J., Gale, C. R., Parsons, S., Kuh, D., & Team, H. A. S. (2014). Neighbourhood cohesion and mental wellbeing among older adults: A mixed methods approach. *Social Science & Medicine*, 107, 44–51. doi: 10.1016/j.socscimed.2014.02.027
- Folkehelselova (2011). *Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=Folkehelselova>
- Hekler, E.B., Buman, M.P., Haskell, W.L., Conway, T.L., Cain, K.L., Sallis, J.F., Saelens, B.E., Frank, L.D., Kerr, J. & King, A.C. (2012). Reliability and validity of CHAMPS self-reported sedentary-to-vigorous intensity physical activity in older adults. *Journal of Physical Activity and Health*, 9(2), 25–236. doi: 10.1123/jpah.9.2.225
- Helsedepartementet (2013). *Folkehelsemeldingen. God helse – felles ansvar*. (Meld. St. nr. 34 2012–2013) Oslo: Departementet.
- Helsedirektoratet (2013). *God oversikt – en forutsetning for god folkehelse. En veileder til arbeidet med oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer*. Helsedirektoratet 10/2013. IS-2110. <https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/50/God-oversikt-en-forutsetning-for-god-folkehelse-IS-2110.pdf>
- Helse – og omsorgsdepartementet (2015). *Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter*. Meld. St. 19 (2014-2015).
- Kiland, C., Hallås, B.O., Børrestrand, L.A., Beinert, C. & N.C. Øverby, 2015). *Evaluering av kompetanseprogrammet 'Folkehelse og nærmiljøkvaliteter' i fem fylker*. Rapport IS-0483, Universitetet i Agder og Høgskolen i Bergen. <https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/928/Evaluering-av-kompetanseprogrammet-folkehelse-og-nermiljokvaliteter-i-fem-fylker-IS-0483.pdf>
- Kommunelova (1992). *Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107?q=Kommunelova>
- Leyden, K.M. (2003). Social capital and the built environment: The importance of walkable neighborhoods. *American Journal of Public Health* 2003, 93, 1546–1551.
- Plan- og bygningslova (2008). *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=Plan-%20og%20byggningsloven>
- Helse- og omsorgsdepartementet (2011). *Rundskriv I-6/2011 til folkehelseloven*. https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/hod/dokumenter-fha/rundskrivi6_2011ny.pdf

Hofstad, H. & Bergsli, H. (2017). *Folkehelse og sosial bærekraft. En sammenligning og diskusjon av begrepsinnhold, målsettinger og praktiske tilnærminger*. NIBR-rapport 2017:15. NIBR By- og regionforskningsinstituttet og Høgskolen i Oslo og Akershus.

McCormack G, Rock M, Toohey A. & Hignell D. (2010). Characteristics of urban parks associated with park use and physical activity: A review of qualitative research. *Health Place* 2010; 16: 712-726.

Sugiyama, T., Neuhaus, M., Cole, R., Giles-Corti, B., & Owen, N. (2012). Destination and Route Attributes Associated with Adults' Walking: A Review. *Medicine and Science in Sports and Exercise*, 44(7), 1275–1286. doi: 10.1249/MSS.0b013e318247d286

Yoo, C. & Lee, S. (2016). Neighborhood Built Environments Affecting Social Capital and Social Sustainability in Seoul, Korea. *Sustainability* 2016, 8(12), 1346; doi:10.3390/su8121346

Aarsæther, N. (2012). Planlegging som handlingstype. I: Aarsæther, N., Falleth, E., Nyseth, T. & Kristiansen, R. (red.) *Utfordringer for norsk planlegging : Kunnskap, bærekraft, demokrati*. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.

Vedlegg

Vedlegg 1 Oversikt over kommunane og dei lokale prosjekta som er ein del av Nærmiljøprosjektet, organisert etter tema og målgrupper

Kommune	Prosjekt	Målgruppe - gruppa det er mest vekt på
Båtsfjord	Hvordan kan kommunen tilrettelegge for at Båtsfjord-ungdommen velger å ta en høyere utdanning og hvordan kan man tilrettelegge for at de kommer tilbake til kommunen etter endt utdanning? (Metode: Gjestebud og fokusgruppe)	Ungdom (17-23 år)
Hammerfest	Hvordan tilrettelegge bedre for at eldre kan bruke og trives i sentrum? (Metode: Gjestebud, Tur med mening, folkemøte, møte med heimesjukepleien)	Eldre fra 60 år og eldre som bruker og bur i sentrum
Måsøy	Hvordan blir arbeidsinnflyttere tatt imot i Havøysund? (Metode: dybdeintervju og gruppeintervju)	Arbeidsinnflytтарar (og lokalsamfunnet som heilskap)
Sør-Varanger	Hvordan styrke barn og unges trivsel og tilhørighet til S-V, for å bedre helse fysisk, psykisk og sosialt? (Metode: Gjestebud)	Barn og unge (5-23 år)
Tana	Ungdoms trivsel i Tana (Metode: temadag med gruppearbeid, formelle og uformelle møte med ungdomsrådet, besøk i skoleklasse)	Ungdom
Rollag	Skaperiet Ungdomsarbeid Kafériet	Born og ungdom Ungdom Nye innbyggjarar/ flyktningar
Nore og Uvdal	Ungdomsprosjekt Tuftepark Sykkelbane Mat i skolen Bygdebil Visjon Rødeberg Bygdereserven	Ungdom Barn og unge Barn og unge Barn og unge Born, unge, eldre, andre med behov Næringsdrivande, grunneigarar, andre Unge pensjonistar, andre
Flesberg	Steds- og identitetsutvikling Svene Steds- og identitetsutvikling Flesberg og Lyngdal Steds- og identitetsutvikling Blefjell	Innbyggjarar generelt, ungdom Innbyggjarar generelt Hytteeigarar
Alstadhaug	<i>Sandneselva mi</i> : involvere innbyggjarar i planlegginga/utviklinga av friluftsområde/møteplass	Alle innbyggjarar
Bodø	Utvikle medverknadsmodellar til bruk i plan og styringssystemet i kommunen som gir betre kunnskap om kva innbyggjarane meiner fremmer helse og trivsel	Bodøs befolkning

	<p>Gå ut til innbyggerane på facebook, kinoreklame og på kommunens nettside med inspirasjonsvideo der innbyggerane svarer på spørsmål knytt til nærmiljøkvaliteten i <i>Rensåsen familiepark</i>.</p> <p>Utvikling av intern handbok: «<i>Tilverksveileder for meningsfull medvirkning</i>» i samarbeid med konsulentfirma</p>	Kommunalt tilsette
Dønna	<p>Etablere utandørs møteplass som attraksjon og samlingsplass/uteplass for innbyggerar i kommunesenteret. Bruke ulike former for medvirkning tilpassa forskjellige målgrupper: registrerer/får innspel, ønske for uteplassen på eit stort gulvkart, walk and talk med innvandrara, lage modell for barnehage i lag med barnehagebarn, engasjere elevråd, voksenopplæring, formannskapet, verdenskafe</p> <p>Utarbeiding av eigen kommunedelplan for området <i>Solfjellsjøen</i></p>	Innbyggerane i kommunen
Hattfjelldal	<p>Brukermedvirkning med formål å utvikle universelt utformet nærturmål og møteplass i sentrum</p> <p>Nettbasert spørreundersøkelse</p> <p>Gjestebed for barnehageansatte: bruk av nærområder.</p>	Innbyggjarane i kommunen, med særleg vekt på barnefamiliar, funksjonshemma og eldre. Barnehagetilsette
Meløy	<p><i>Barn og unges stemme i Meløy</i></p> <p>Utprøving av medvirkningsmetode der barn intervjuer barn, arrangerer gjestebed og lager video i sammenheng med utforming av uteområdet ved Ørsnes og Enga barneskoler.</p>	Barn og unge
Narvik	<p>Førebygging av mobbing og skape møteplassar for uorganisert ungdom</p> <p>Organisering av rutinar for brukarmedverknad.</p> <p>Utvikling av ungdomsrådet som arena for politisk medverknad.</p>	Ungdom i aldersgruppa 9-25 år
Rana	<p>Skaffe kunnskap om kva som bidrar til å fremme trivsel og sosial aktivitet blant ungdom</p> <p>Utvikle medverknadsmetode som sikrar medverknad frå barn og unge</p> <p>– tiltak: arrangert <i>Ungdomskonferanse der ein prøvde ut metode ved bruk av rollekort</i></p>	Ungdom 13 – 18 år
Saltdal	<p>Brukarinvolvering av innbyggjarar i samband med etablering av <i>uteanlegg/aktivitetspark på Skansenøyra</i></p>	Ungdom og eldre
Sømna	<p>Brukarinvolvering i samband med revisjon av kommuneplan.</p> <p>Utprøving av ulike medverknadsmetodar</p>	Alle
Vestvågøy	<p>Brukarmedverknad i samanheng med etablering av <i>Meieriet kultursenter</i>.</p> <p>Involvering av innbyggerar i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.</p> <p><i>Kva er ein god oppvekst?</i> Involvere elevråd ved to skular. Mobilisere politikarar til å intervjuje elevar.</p>	Hele kommunen Tilsette i kommunen
Øksnes	<p>Utprøving av nye metodar for medverknad i plan- og utviklingsarbeidet i kommunen i samband med utarbeiding av <i>kulturminneplan</i> (kartlegging, identifisering og registrering på kart) og <i>plan for fysisk aktivitet og nærmiljø</i>, registrering av turløyper mm).</p>	Kommunalt tilsette og kommunens innbyggjarar

Giske	<p>Møteplassar i Giske</p> <p>Kunnskapen frå medverknadsprosessane er så langt konkret nytta i:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Retningslinjer/føresegner i ny arealplan og reguleringsplanar <p>Koplingar til Ungdata er sentralt</p> <p>Utvikling av biblioteket som uorganisert møteplass for alle</p> <p>Struktur og system for auka samspel med lag og organisasjonar</p>	Barn og unge særleg, men også retta mot alle innbyggerane i kommunen.
Sunndal	<ul style="list-style-type: none"> - Utvikling av gode møteplasser som skaper gode nærmiljø, samt utvikling av medvirkningsmetoder er hovedfokus i prosjektet - Opparbeide kompetanse om medvirkning og lokalsamfunnskvaliteter i administrasjon og politiske organ. - Skaffe oversikt/kunnskaper om nærmiljø og lokalsamfunnskvaliteter i Sunndal kommune. - Utarbeide en verktøykasse for mermedvirkning som er implementert i Sunndal kommune. - Bidra til fysisk tilrettelegging, i den grad det er mulig gjennom prosjektmidler. Et arbeid som først og fremst kommer seinere i prosessen. 	Innbyggerane i kommunen Tilsette og politikarane i kommunen
Volda	<p>Barn og unge og medverknad i planarbeid – overordna tema</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innspel frå ungdomsrådet i arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen - Barnetråkkregistreringar - Kartleggingar av korleis barn brukar område i barnehage og skule - Utarbeide ein rettleiar for krav til leike- og aktivitetsområde – inn i arealdelen av kommuneplanen 	Barn og unge
Ulstein	<p>Skulen som møtestad. Kartlegging og utvikling av skuleområda for å lage attraktive møtestader i skuletida og fritida for alle. Folkehelseiltak som kan betre fysisk og psykisk trivsel, identitetsskaping og utvikling av sosiale nettverk.</p>	Barn og unge
Ørsta	<p>Barn og unge og medverknad i planarbeid – overordna tema</p> <ul style="list-style-type: none"> - Forprosjekt "Vidareutvikling av Vikeparken" - Prosjekt "Ørsta sentrum" - Prosjekt "Ungdata" og Draumbilete. Ungdoms medverknad i arbeidet med levekårsplan - Prosjekt Barnas transportplan <p>Kunnskapen frå delprosjekta inngår i planar som Utviklingsplan for Ørsta sentrum, Kommunedelplan for levekår og Trafikktryggingssplan</p>	Barn og unge
Ålesund	<p>Kommunal levekårsundersøkinga og koplinga til Ungdata, retta mellom anna mot: Kommunal delplan for idrett og fysisk aktivitet 2017-2021.</p> <p>Kombinere levekårsdata og medverknad.</p> <p>Møteplass Skarbøvik</p>	Barn og unge spesielt, men også retta mot alle innbyggerane
Askøy	<p>Medvirkning for mobbefritt oppvekstmiljø – nærmiljø som fremmer folkehelse</p> <ul style="list-style-type: none"> - Program mobbefri oppvekst – plan for trygt og godt skolemiljø - Arealdel av kommuneplanen - Kommunedelplan for oppvekst - Arbeid med nytt folkehelseprogram 	Hovudsakleg barn og unge

	- Kunnskapsoversikt over helsetilstand	
Bømlo	Helsefremjande nærmiljø i Bømlo kommune - Kommunedelplan for helse - Kommunedelplan for oppvekst - Både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen Fleire prosjekt på gang der lokalsamfunna sjølve er i førarsetet – prosjekt som tek utgangspunkt i det som har kome fram om utfordringar og faktorar som bidreg til trivsel og livskvalitet	Innbyggerane i kommunen
Fjell	Kartlegging av skuleveggar og snarveggar i Fjell kommune - Kartlegging av trafikkisikring – metoden Trafikkagenten - Kartlegging av bruk av snarveggar Kommunedelplan for trafikkisikring Kommunedelplan for Nordre Litlesotra Kommunedelplan for Straume	Innbyggerane i kommunen (i somme samanhengar særleg barn og unge)
Stord	Brei innbyggarmedverknad i kommunal planlegging - Kommunedelplan for Sagvåg og Litlabø - Kommunedelplan for sentrum - Revisjon av kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel) - Plan for rehabilitering og helse- og omsorgstenester - Retta mot budsjettprosessar og tenesteutvikling	Innbyggerane i kommunen
Randaberg	Ungrom – rom for unge - Kartlegge møtestader som ungdom brukar og kva kvalitetar ungdom meiner skal vere til stades for at dei skal vere attraktive og trivelege - Prøve ut medverknadsmåtar Ein del av kommuneplanprosessen Brukt også som grunnlag i Tverrfaglig plan for barn og unge 'En god plan'	Ungdom
Stavanger	Levekårsløftet på Storhaug – heilskapleg innsats for å betre levekåra, styrke bumiljøet og gjere bydelen endå meir attraktiv. - Brukt som innspel i ny planstrategi 2016-2019 og nytt planprogram for Stavanger - Ulike temaplanar – som revisjon av bustadsosialt handlingsprogram - Brukt som innspel i fleire reguleringsplanar i området Storhaug	Alle innbyggerane i bydelen Storhaug
Tysvær	'Godt å leve i Tysvær' – utprøving av medverknadsmetodar for auka kunnskap om friskfaktorar - Kommunedelplan for trafikkisikring - Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet - Områdeplan for Aksdal	Alle innbyggerane i kommunen
Larvik	Med utgangspunkt i to ulike nærmiljø, eit sentrumsnært og eit meir landleg, har ein kartlagt risikofaktorar og nærmiljøkvalitetar	Befolkninga generelt Barn og unge spesielt

Horten	A: kartlegging av nærmiljøkvaliteter i Åsgårdstrand. Kartlegging av bruk og intervju med brukere B: Gjestebud på Borre: Kartlegging av nærmiljøkvaliteter/kva bør betrast ved nærmiljøet	Befolkningen i utvalgte områder i Åsgårdstrand og Borre
Tønsberg	Kartlegging av utvalgte nærmiljø og sikre medvirkning gjennom utprøving av medvirkningsmetodene risikorydding, trygghetsvandring og helsefremmende sted i lag med velforeiningar og nærmiljøutvalg	Alle innbyggjarar knytt til dei utvalde områda, barn, unge, vaksne og eldre
Tjøme	Brukermedvirkning som innspill til kommuneplanens samfunnsdel Risikovandring og gjestebud	Alle innbyggjarar (familiar, naboar, velforeiningar, skular, barnehagar, barne og ungdomsklubb, eldreråd, pensjonistar, lag og foreiningar
Sandefjord-Andebu-Stokke	«Helsefremmende sted» Kartlegging av nærmiljø: (observasjon, mapping, intervjuer og spørreskjema til skoleklasser, til foreldre i barnehager Prosess der elevar, ungdomsråd og elevråd skal utdjupe funna frå kartlegginga	Barn og unge frå Stokke, Andebu og to i «gamle» Sandefjord.
Fredrikstad	Kartlegge levekårsutfordringer i bydel med opphopning av levekårsutfordringer (særlig innvandrere og flyktninger) Retrospektiv helsekonsekvensutredning	Befolkningen i bydelen Lisleby Befolkningen bosatt i Selebakk lokalsamfunn Kommuneadministrasjonen
Marker	<i>Hva hemmer og fremmer ungdoms psykiske helse?</i> Skaffe mer kunnskap om ungdomsmiljøet gjennom prosjektet «Se meg» Brei datainnsamling om ungdommens fritidsaktivitetar Ungdommen tar bilete som blir gjenstand for samtale mellom vaksne og ungdom Dialogkafe	Ungdommen/ungdomsmiljøet i kommunen Møte mellom ungdom og vaksne
Sarpsborg	Utvikle metoder for å avdekke helsefremmende forhold, tilhørighet og trivsel i utsatte områder av kommunen. Bygge opp erfaring med medvirkningsmetoder/kvalitative metoder til bruk i planprosesser gjennom utvalgte case i områder med levekårsutfordringer: - Idekonferanse der nabolaget kom med innspill knyttet til <i>utforming av byhage</i> - Erfaringer knyttet til skole som nærmiljøhus og oppholdssted etter skoletid o (<i>Alvimhaugen nærmiljøhus</i>). - Arrangert ei rekke medborgermiddager der deltakerne kommer med innspill om «det gode liv»	Alle innbyggere i Sarpsborg Innbyggere i levekårsutsatte områder i Østre bydel
Trøgstad	Gjennomføre medvirkningsprosesser/dialog med innbyggerne i sammenheng med at man skal flytte og utvikle bibliotek som møteplass i Trøgstad sentrum - Spørreundersøkelse som kartlegger hvilke lokale forhold som fremmer trivsel blant innbyggerne - Minibibliotek - Åpne folkemøter Fokusgruppeintervju med seniorer	Alle innbyggerne i Trøgstad Barnetråkk Ungdomstråkk

Vedlegg 2 Oversikt over medverknadsmåtar som er brukte i Nærmiljøprosjektet - oversikta er ikkje uttømande, men viser dei mest brukte

<ul style="list-style-type: none"> • Barnetråkk • Ungdomstråkk • Gjestebod • Idèverkstad • Kafedialog/dialogkafe • Kakaokafè • Intervju • (Fokus)gruppeintervju • Spørjeundersøking/skjema • Friluftskartlegging • Folkemøte • Landskapsanalyse • Seminar om medverknad • Spørsmålshfte • Ope prosjektkontor • Kafedialog og prosjektarbeid i ulike fag – ungdomsskule • Nærbutikkstand med informasjon – intervju/spørjeskjema • ABCD-metoden 	<ul style="list-style-type: none"> • Forum/møteplassar – fokusgruppe • Ordførarbesøk i tettstader og bygder • Besøk ved ulike institusjonar i kommunen • Rullande idèverkstad – dialog, datainnsamling • Nettportal • Nettsider om prosjekta og konkrete tiltak • Nærmiljøkontor • Workshop for publikum i definerte område i kommunen • Ungdomskonferanse • Risikorydding • Sosioromleg kartlegging (desirelines, telling og dotmaps) Fotokonkurranse • Sosiale media 	<ul style="list-style-type: none"> • Sosiokulturell stadsanalyse • Co-creation Gjestebod • Ope byutviklingskontor • Styringsgruppe • Refleksjonsfilm om medverknad • Elevdag - elevworkshop • Pilotgjennomføring/datainnsamling i skule og barnehage • Kartlegging av aktivitetstilbod-sosiokulturellstadsanalyse – bruk av flyfoto • Spørjeundersøking – opne spørsmål • Levekårsundersøking • Frimarked • Synfaring • Observasjonar • Høyringsinnspel 	<ul style="list-style-type: none"> • Trafikkagenten • Mental Mapping • Workshop – velforeininga • Kartdigitalisering • Ope hus – Tankefangst: frivillige organisasjonar, innbyggjarar generelt, tilsette i kommunar, næringsliv, skular, foreldremøte, næringsliv • Temadagar • Ungt entreprenørskap og medverknad • Ungdomskonferanse/innovasjon scamp • Verdskafe • Videointervju • Digital historieforteljing • Storytell • Bynettverk
--	--	---	--